



Terje Rød har søkt om løyve til å setja opp eit 45 kvadratmeter stort naust på Korsnes nord, nærare bestemt på 123/268. Det står eit naust frå før på denne tomta og avstanden til dette vert ein meter. Dette naustet er også eigd av Terje Rød.

Naustet vil verta sett opp i betong med takverk av tre og loftet vert med 'ikkje målbart' areal, er det opplyst i søknaden til kommunen.

Avstanden til naboeigendommen til Kurt Haugland vert omlag to meter og til naboeigendommen til Arne K. Rød 50 centimeter.

Det ligg det føre erklæring om at avstanden til Rød sin eigedom vert godteken.

Skissa over viser 'naustsituasjonen' i det aktuelle området no. Terje Rød har naustet på 123/268.



Det er mellom naustet lengst til venstre og det gule naustet Terje Rød ønskjer å setja opp eit naust til. (Foto: Ola Matti Mathisen)